

Til Miljøverndepartementet  
Pb. 8013 Dep  
0030 Oslo

## **Høyrings svar til Miljøverndepartementet sitt utkast til forskrift om konsekvensutredninger (KU)**

### **Innleiing**

Vi viser til vårt høyrings svar av 11.05.2009 til utkast til forskrift om kart, stadfest informasjon, kommunalt planregister og arealformål. Der er gitt nærare informasjon om Regionrådet Nordhordland IKS.

I det høyrings svaret etterlyste vi m.a. høyringsutkast til forskrift til § 34-2 dersom det blir delt iverksetting av den nye plan- og bygningslova. Dette er ikkje kome.

I høyrings svaret bad vi om at iverksetting av planlova blei utsett til også resten av forskriftsverket til lova var klar og kommunane hadde fått tid til å gjera minimum av dei førebuingssoppgåvene som dei bør ha gjort, før lova blir sett i verk. Sidan den tid har vi fått tilbakemelding frå vår hovudleverandør av kommunane sine fagsystem, at dei treng minst 3 månader arbeidstid for oppgradering av fagsystemet etter at spesifikasjonane for plan og planregister er klar. Med ferietid tilseier det at kommunane kan venta å få det verktøyet dei treng for å utføra sine oppgåver på ein rasjonell måte tidlegast i bruk i november i år. **Dette er nok ein grunn for at MD bør utsetta iverksetting av lova. Vi gjentek derfor vår oppfordring om utsetting av iverksetting og at den skjer samla for heile lova.**

### **Merknad til den korte høyringsfristen**

Vi ser klart at MD er kome i tidsnaud i forskriftsarbeidet når standpunktet er at lova skal settast i kraft 1. juli.

I og med at lova vart vedteken for snart eit år sidan og det lenge har vore behov for ei klarare KU forskrift enn den gjeldande, burde det vore god nok tid til at eit utkast kunne ha fått normal høyringstid (3 mnd.) og ikkje berre 6 veker, som i dette tilfelle. Vi, og sikkert mange med oss, er lite tilfreds ved at vi på denne måten er blitt avskorne frå ei grundig nok handsaming av utkastet. Dermed vil det kunna vera viktige tilbakemeldingar som burde vore gitt, som vi av den grunn har oversett. Det kan òg vel henda at våre merknader av same grunn er gjort ut frå svikt i vårt kunnskapsgrunnlag (tilhøve vi har oversett). I så fall ber vi om orsaking for svikten.

### **Generelle merknader**

Vårt inntrykk ved studering av forskriftsutkast og høyringsnotat er dette:

- For kommunane er det positivt med ei samla KU-forskrift for alle lovene der det er sett krav om konsekvensutgreiingar
- Forskriftsutkastet er på fleire område, så vidt vi kan sjå, klarare enn forskrifta til gjeldande lov og det ser vi positivt på

- Vi sit, trass mange positive ting ved utkastet, diverre også att med eit inntrykk av at MD har fått for knapp tid på slutten av arbeidet med revisjon av utkastet, også noko den korte høyringfristen er eit uttrykk for. Her er nokre andre ting som tyder på det same:
  - Det er fleire stader i forskrifta brukt formuleringa **normalt** som kriterium for handling utan at det er gitt nærare forklaringar til kva som ligg i formuleringa "normalt". Her oppstår det lett divergerande oppfatningar mellom ulike aktørar i dei sakene der ordet inngår i aktuelt regelverk. Her bør det i det minste koma ei eksemplifisering av kva MD legg i uttrykket
  - Det same som nemnd i første strekpunktet gjeld også i høve til kva kriteria ein skal nytta i høve til formuleringa **vesentleg endring** (lova §§ 12-2 og 12-3), jf. vårt fagorgan sine merknader til §§ 2 og 3.
  - I forskriftene finn ein og mange stader bruk verbet **viktig** utan at det er gitt kriteria for kva som blir rekna som viktig, m.a.o. skilnad på viktig og uviktig i høve til forskriftsreglane (same verknad som nemnd i første strekpunkt)
  - I § 21 første ledd manglar referansen det blir vist til
  - I høyringsnotatet er det fleire feil i nummertilvisingane i høve til dei som er brukt i vedlegg II

For publikum og næringsliv er det bra at det i regelverket blir sett klare fristar for den offentlege sakshandsaminga og tenlege reaksjonskriteria dersom sett frist ikkje blir halden. Dette er generelle tilhøve som bør gjelda for alle partar i dei aktuell sakene. I forskriftsutkastet er det sett fristar for kommunen si sakshandsaming og det finst reglar om tap av gebyr dersom kommunen ikkje held sett frist. **Vi saknar tilsvarande reglar i høve til annan offentleg sakshandsaming. Her bør det innførast likskap. Det må settast frist også for andre offentlege instansar si sakshandsaming, og med økonomisk eller andre konsekvensar for vedkomande organ dersom sett frist ikkje blir halden. Slike reglar må inn i forskriftene. Dersom det manglar tilstrekkeleg heimel for dette, må den skaffast.**

### **Detaljmerknader til forskriftsutkastet**

Vi viser til vedlagde merknader frå vårt faglege tilrådingsorgan Nordhordland digitalt.

### **Sluttmerknader**

Vi gjentek vårt hovudinstrykk, at utkastet til forskrifter på fleire område både er klårare og betre enn dagens forskrift og at dette m.a. kjem seg av ei meir detaljert lovgjeving. I høyringssvaret har vi ønskt å gi gode råd for det vidare arbeidet. Vi ønskjer lukke til med det.

Knarvik, den 04.06.2009



for

Håkon Matre

Leiar Regionrådet Nordhordland IKS

## **Høyrings svar til Miljøverndepartementet sitt utkast til forskrift om konsekvensutredninger (KU) Vedlegg**

### **Detaljmerknader til forskriftsutkastet**

Grunna den korte fristen og dei mange helgedagane i høyringsperioden, har vi ikkje fått tid til så grundig behandling av denne viktige forskrifta som vi til vanleg utfører i våre tilbakemeldingar til høyringsutkast på våre faglege saksområde. Nedanfor har vi ikkje kommentert dei mange fine betringane som er gjort og som vi med betre tid også hadde kommentert. Vi innskrenkar denne tilbakemeldinga til nokre få punkt i forskriftsutkastet og vedlegga, og vonar at andre gjev supplerande korrigerande tilbakemeldingar der vi med grundigare arbeid, også ville ha kunna gitt eit konstruktivt bidrag i forming av så godt regelverk som råd.

### **Kap. II**

#### **§ 2 Planer og tiltak som alltid skal behandles etter forskriften**

Det som vi finn uklårt og som lett kan medføre ulik forvaltingspraksis, er bruk av reglane i § 2 d i høve til § 12-2 siste ledd i lova. Her trengs gode og klare presiseringar av kva som ligg i omgrepet: ”vesentlige endringer”. M.a.o. trengs klart formulerte kriteria som skal leggjast til grunn for kor store endringane må vera, for at dei utløyser krav om konsekvensutgreiing etter § 4-2 i lova. Utan klare kriteria på dette punktet vil det lett oppstå ulik praksis mellom sakshandsamarar og mellom forvaltingsorgan. Vi trur ikkje det er ei tilsikta ordning.

Same problemstilling har vi i høve til omgrepet ”nye område”. Kva er kriteria for om eit byggetiltak i eit område skal definerast som eit ”nytt utbyggingsområde” eller om det ligg innafør det eksisterande. Er for eksempel oppføring av fleire bygg (andre eller same type som alt står på særskild matrikulert eigedom i eit LNF område eller ligg innafør 100 m belte) å rekna som nytt område, som utløyser krav om konsekvensutgreiing etter § 4-2? Utan klare kriteria også på dette punktet, vil det oppstå tilsvarande tilhøve som nemnd ovanfor.

Vi ber om at kriteria i tillegg til å vera klare og er slike at ein unngår å måtta ”skyta spurv med kanon”. Det vil etter vårt syn, medføre undergraving av respekt for lova og sterk auke i bruk av unntaksordninga: Dispensasjon som resultat.

#### **§ 3 Planer og tiltak som skal vurderes etter forskriften § 4**

Her er vår tilbakemelding den same som nemnd til § 2 d ovanfor.

### **Kap. III**

#### **§ 8 Forelegging av program**

Første ledd bør få eit tillegg som inneheld frist ikkje berre for melding om at MD vil koma til å gi merknad, men også kor lang frist MD har på å utarbeide og levere denne.

### **Kap. V**

#### **§ 20 Ikrafttreden**

Vi viser til Innleiinga i høyringssvaret.

## § 21 Overgangsbestemmelser

I første ledd manglar paragraftilvisingane.

### **Vedlegga**

#### Vedlegg I

Nr. 2, jf. våre merknader til § 2 d i forskriftsutkastet

Nr. 14, her manglar kriteria for omfang og frekvens. Dette bør settast opp i ein form av tabell der begge kriteriestorleikar er samordna

#### Vedlegg II (fleire feiltilvisingar i høyringsnotatet)

Nr. 2, jf. våre merknader til § 3

Nr. 18. Her bør formuleringa vera: Vindkraftverk med en *samlet* installert effect på mer enn 5 MW.

#### Vedlegg III

Vi synst det er fint å få: **Rammer for krav til innhold i konsekvensutredningen** som eit eige vedlegg.

Knarvik, den 04.06.2009

Nordhordland digitalt

|                |           |                   |                  |           |
|----------------|-----------|-------------------|------------------|-----------|
| Kåre Wiik      | Arne Aven | Øyvind Tolleshaug | Magne Instefjord | Tor Hegle |
| Lindås (leiar) | Austrheim | Fedje             | Gulen            | Lindås    |

|                        |               |                 |             |                |
|------------------------|---------------|-----------------|-------------|----------------|
| Anne Kristin Rafoss    | Anny Bastesen | Kjell Langeland | Nils Myking | Kjartan Medaas |
| Masfjorden (nestleiar) | Meland        | Modalen         | Osterøy     | Radøy          |

---

Garath Wilce og Torbjørn Trageton  
fagsekretærar